

Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 17.01.2018

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Med heimel i yrkestransportforskrifta § 3 1. ledd, jf. yrkestransportlova § 15 og yrkestransportlova § 11 godkjenner fylkesutvalet søknad frå Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS, om ruteløyve for strekninga Bergen sentrum - Åsane - Kvamskogen - Jondal - Odda - Seljestad - Telemark - Buskerud - Akershus - Oslo på vilkåret som er spesifisert i punkt 2.
2. Med heimel i yrkestransportlova § 11 og Samferdselsdepartementet sitt Rundskriv N-2/2017, vert det sett som vilkår at alt materiell som vert nytta i driften av løyva, skal oppfylle same krava til bussklasse II og III i krava i Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport til materiell i buss, herunder tilgjenge for rullestolbrukarar.
3. Fylkesutvalet godkjenner at den einskilde fylkeskommune som vert omfatta av løyvedriften får godkjenne takstar og ruteplan, herunder trasé.
4. Det vert sett som vilkår for løyva at det ikkje vert utført lokaltransport i Hordaland så lenge Skyss trafikkerer same trasé med lokale korrespondansar.
5. Fylkesutvalet oppmodar om at vognmateriellet som vert nytta i løyvedriften har motorteknologi som gjev lågast mogleg utslepp av avgassar.